





<b>Skjermen viser:</b>	<b>I timen:</b>
	Introduser temaet og sjå <a href="#">Venner på skolen - YouTube</a>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis kan vi vise at vi vil vere venner med kvarandre?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I filmen sa dei at det finnst mange typar venner, kva forskjellige venner kan vi vere?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva betyr det å vere klassevenner og skolevenner?</li> </ul>
<p><b>Bli kjent-leik: Eg heiter ... og eg gjer slik:</b></p> <p>Denne leiken kan gjerast på ulike måtar. Alle elevar har sitt namn, og skal kome på ein bevegelse som alle kan gjere. Vis eksempel på bevegelsar slik at alle klarer å velkje ein ting dei vil gjere.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Så kan de i første omgang la ein og ein elev kome fram og seie namnet sitt og vise bevegelsen. Så seier dei andre «Hei (namn) og gjer bevegelsen saman.</li> <li>• Neste gong kan de stå i ein ring, og den eine startar med å seie «Eg heiter ... og eg gjer slik: (bevegelsen). Så skal neste mann seie den andre eleven sitt namn medan hen gjer denne bevegelsen, og så seie sitt namn og vise sin bevegelse, og så vidare rundt ringen</li> <li>• Til slutt kan de prøve at alle i ringen skal bli med på alle sine namn og bevegelsar. Anten berre ei runde rundt saman, eller start på det første namnet og bevegelsen, og gjenta alle for kvar elev som legg til «og eg heiter... og eg gjer slik:...»). Då vert det mange repetisjonar og lett å lære namna.</li> </ul>	
<p>Sjå første del av <a href="#">Klassevenner - alle skal få være med - NRK TV</a> fram til 2:03 Stopp ved neste overskrift «Hvordan kan vi ha det fint saman?»</p> <p>På skolen skal vi lære å lese og skrive, og mange andre ting, men vi skal også lære å vere gode skolevenner.</p>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>▼ Å vere ein god skolevenn - til læraren</li> <li>▼ Å vere ein god skolevenn - med elevane</li> </ul>	Bruk for eksempel plakaten «Eg er ein god skolevenn» og snakk, vis og øv på dei ulike punkta saman. Sjå instruksjonsarket til læraren.
<p>Sjå andre del av <a href="#">Klassevenner - alle skal få være med - NRK TV</a> fra 2:05 – 5:55 som handlar om å kva elevane kan gjere om dei kranglar med nokon. De kan eventuelt også bruke materiell herfra: <a href="#">Økt 2: Detektiver etter en krangel / Å ha det fint sammen / 1.-4. trinn / Jeg vet</a> Der får du gode tips til spørsmål med visuell støtte for elevane.</p> <p>Målet er å lære elevane korleis dei kan gå fram for å få det bra saman etter ein krangel.</p>	
<p>Bruk fleire leikar. Til dømes frå dette leikeheftet: <a href="http://io.kommune.no/tjenester/skole-og-utdanning/robuste-barn/lekehefte/">io.kommune.no/tjenester/skole-og-utdanning/robuste-barn/lekehefte/</a></p>	